

Lindås kommune  
v/ rådmann Ørjan Raknes Forthun

7. februar 2019

## OPPSTART AV FORVALTNINGSREVISJON – ARBEIDET MED Å SIKRE EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ I GRUNNSKULANE I LINDÅS KOMMUNE

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet datert 23. januar 2019, starta opp ein forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Lindås kommune.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Lindås kommune, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova.

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse, spørjeundersøking, stikkprøvekontroll og intervju for å få informasjon om kommunen sitt arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø.

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokumentasjon i samband med forvaltningsrevisjonen:

### Generell og/eller overordna informasjon

1. Gjeldande strategiar, målsettingar, planar, og eventuelle tiltak Lindås kommune som skuleeigar har, og som angår arbeidet med det psykososiale skulemiljøet ved grunnskulane i kommunen.
2. Tilstandsrapport (skuleeigar sin årlege rapport om tilstanden i opplæringa) for dei to siste åra, samt saksframlegg og protokoll frå handsaminga av rapporten i kommunestyret.
3. Forskrift om felles ordensreglementet for grunnskulane i Lindås.
4. Resultat frå elevundersøkinga dei tre siste skuleåra, både på kommunenivå og skulenivå, samt eventuell dokumentasjon på korleis kommunen analyserer, samanliknar eller nyttar resultata.
5. Dokumentasjon knytt til eventuelle evalueringar eller tilsyn i Lindås kommune som omhandlar arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø.
6. Liste over e-postadresser til alle rektorar, lærarar og andre tilsette (inkludert t.d. assistenter og tilsette i SFO) ved dei kommunale grunnskulane i Lindås kommune.

Vi ber om at ovannemnde liste med e-postadresser blir sendt elektronisk, om mogleg helst i Excel-format. Det er viktig at lista over e-postadresser er oppdatert, sidan denne vil ligge til grunn ved utsending av ei elektronisk spørjeundersøking våren 2019.

### Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø

7. Informasjon om i kva grad, og eventuelt korleis, skuleeigar har innhenta informasjon om skulane sin praksis etter at nytt kap. 9 A i opplæringslova blei sett i kraft 1. august 2017.
8. Informasjon om i kva grad, og eventuelt korleis, skuleeigar gjer ei vurdering av om skulane sin praksis samsvarer med krava i opplæringslova.
9. Eventuelle felles retningsliner og rutinar for skulane sitt arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Dette inkluderer til dømes alle felles kommunale rutine-/prosedyreskildringar/malar som omhandlar dette arbeidet, inkludert eventuelle skjema og rutinar for utviklingssamtalar, og meldeskjema for mobbing.

10. Rutinar for gjennomføring av eventuelle trivselsundersøkingar eller liknande ved grunnskulane i kommunen.
11. Informasjon om eventuelle antimobbeprogram som blir nytta ved grunnskulane, samt eventuelle evalueringar av bruken av desse programma.
12. Eventuelle felles rutinar for å gi informasjon til elevar og elevane sine føresette om elevane sine rettar og skulen sine plikter etter kapittel 9 A i opplæringslova.
13. Eventuell skriftleg informasjon (til dømes kopi av brev/e-post) som kommunen har sendt ut til elevar og foreldre om rettane i kapittel 9 A i opplæringslova.
14. Eventuelle felles system og rutinar for registrering, handtering og oppfølging av saker der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette kan til dømes omfatte rutinar, prosedyreskildringar, sjekklistar, malar mv.
15. Informasjon om tal saker der det skuleåret 2017-18 og så langt skuleåret 2018-19 har blitt konstatert at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, og det har blitt utarbeidd ein aktivitetsplan. Vi ber om at det i oversikta blir skilt mellom dei to skuleåra, og at det går fram tal saker per skule.

Vi ber også om å få eventuell anna dokumentasjon som kan vere relevant for arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø ved grunnskulane i Lindås kommune.

Vi ber om at vi får tilsendt etterspurt dokumentasjon innan fredag **22. februar 2019**. Vi ber om tilbakemelding dersom det ikkje er mogleg for kommunen å svare innan fristen. Det er ein fordel om dokumentasjonen kan oversendast elektronisk. Dette kan i så fall gjerast per e-post til Deloitte ved Lina Hamre; lhamre@deloitte.no. Dersom nokre av dei etterspurte dokumenta ikkje eksisterer ber vi om at dette blir eksplisitt opplyst om i tilbakemeldinga, og at kommunen ev. gir ei kort skildring av praksis i staden. Vi ber også om at de i tilbakemeldinga viser til kva dokumentasjon som er knytt til kvart av punkta i denne førespurnaden.

Vi ber om at kommunen peikar ut ein kontaktperson for forvalningsrevisjonsprosjektet som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument og organisering av intervju.

Eventuelle spørsmål om forvalningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektmedarbeidar Lina Hamre på tlf. 92 42 98 68, eller per e-post til lhamre@deloitte.no

Med venleg helsing  
Deloitte AS



Line Margrete Johansen  
Prosjektleiar